



**Breheimen
nasjonalparkstyret**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyret.no/breheimen>

Pipelife Norge AS
v/Lise Mari Brøske
Hamnesvegen 97
6650 SURNADAL

Saksbehandler Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2021/5826-6 432.3

Dykkar ref.

Dato 12.07.2021

Breheimen nasjonalpark -Dispensasjon - Søknad om å nytte boltar til innfesting av mellombelse installasjonar for flaumvarsling i Lundadalen - Pipelife

Breheimen nasjonalparkstyret har i e-postbehandling av din søknad gjort følgende vedtak:

Breheimen nasjonalparkstyret vedtek å gje Pipelife løyve til å nytte boreboltar til innfesting av 7 mellombelse installasjonar i Lundadalen, jf. søknad datert 29.06.2021. Bruken av boreboltar skal vere på eit minimum og berre nyttast der andre innfestingar ikkje er mogleg. Saka er ei oppfølging av sak 13/21 for Breheimen nasjonalparkstyret. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, med følgjande vilkår:

- *Løyve gjeld innfesting av dei omsøkte 7 stadane markert på kart i søknad datert 29.06.2021.*
- *Løyve gjeld til og med hausten 2022.*
- *Boreboltar skal haldast på eit minimum og berre nyttast der andre alternativ ikkje er mogleg.*
- *Søklar skal lage ein rapport som syner ei konkret vurdering av kvart festepunkt for dei 7 installasjonane og sende til forvaltar seinast november 2021.*
- *Rapporten skal også innehalde detaljerte bilete av festepunkta på installasjonane, samt oversiktsbilete av installasjonane.*
- *Søklar skal ta vekk installasjonar seinast hausten 2022, samt anna materiale som er tatt inn i verneområdet.*
- *Eventuelle boreboltar skal fjernast heilt inntil berget.*

Breheimen nasjonalparkstyret minner om at løyve berre er etter verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark.

Vedlagt ligg saksutgreiing, protokoll og vedtak. Ta kontakt med nasjonalparkforvaltar **Trygve Snøtun** dersom det er spørsmål til vedtaket.

<https://www.nasjonalparkstyret.no/Breheimen/kontakt>



Med helsing

Stein Magne Grevrusten
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi går til:
Fylkesmannen i Innlandet
Miljødirektoratet
Skjåk Almenning
Skjåk kommune
Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard



Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2021/5826-5

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 07.07.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	19/21	12.07.2021

Breheimen nasjonalpark - Søknad om å nytte boltar til innfesting av mellombelse installasjonar for flaumvarsling i Lundadalen - Pipelife

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Pipelife løyve til å nytte boreboltar til innfesting av 7 mellombelse installasjonar i Lundadalen, jf. søknad datert 29.06.2021. Bruken av boreboltar skal vere på eit minimum og berre nyttast der andre innfestingar ikkje er mogleg. Saka er ei oppfølging av sak 13/21 for Breheimen nasjonalparkstyre. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, med følgjande vilkår:

- Løyve gjeld innfesting av dei omsøkte 7 stadane markert på kart i søknad datert 29.06.2021.
- Løyve gjeld til og med hausten 2022.
- Boreboltar skal haldast på eit minimum og berre nyttast der andre alternativ ikkje er mogleg.
- Søkjar skal lage ein rapport som syner ei konkret vurdering av kvart festepunkt for dei 7 installasjonane og sende til forvaltar seinast november 2021.
- Rapporten skal også innehalde detaljerte bilete av festepunkta på installasjonane, samt oversiktsbilete av installasjonane.
- Søkjar skal ta vekk installasjonar seinast hausten 2022, samt anna materiale som er tatt inn i verneområdet.
- Eventuelle boreboltar skal fjernast heilt inntil berget.

Breheimen nasjonalparkstyre minner om at løyve berre er etter verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre



--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 12.07.2021

Tilbakemelding frå styremedlemmane på e-post. Vedtak samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Pipelife løyve til å nytte boreboltar til innfesting av 7 mellombelse installasjonar i Lundadalen, jf. søknad datert 29.06.2021. Bruken av boreboltar skal vere på eit minimum og berre nyttast der andre innfestingar ikkje er mogleg. Saka er ei oppfølging av sak 13/21 for Breheimen nasjonalparkstyre. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, med følgjande vilkår:

- Løyve gjeld innfesting av dei omsøkte 7 stadane markert på kart i søknad datert 29.06.2021.
- Løyve gjeld til og med hausten 2022.
- Boreboltar skal haldast på eit minimum og berre nyttast der andre alternativ ikkje er mogleg.
- Søkjar skal lage ein rapport som syner ei konkret vurdering av kvart festepunkt for dei 7 installasjonane og sende til forvaltar seinast november 2021.
- Rapporten skal også innehalde detaljerte bilete av festepunkta på installasjonane, samt oversiktsbilete av installasjonane.
- Søkjar skal ta vekk installasjonar seinast hausten 2022, samt anna materiale som er tatt inn i verneområdet.
- Eventuelle boreboltar skal fjernast heilt inntil berget.

Breheimen nasjonalparkstyre minner om at løyve berre er etter verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre

Dokument i saka

- Søknad frå Pipelife, datert 27.05.2021



- Telefonsamtale med prosjektleiar Lise M. Brøske, datert 01.06.2021
- Styresak 13/21 for Breheimen nasjonalparkstyre, datert 11.06.2021
- Søknad om å nytte boltar til innfesting for midlertidige installasjonar, Pipelife, datert 29.06.2021

Saksopplysningar

Søknaden:

«Bakgrunn for søknaden er telefonsamtale med Trygve Snølløs 28.06.2021. Pipelife har fått godkjent installering av sensorikk i Lundadalen i Breheimen Nasjonalpark. Samtaler i forkant har dessverre gjort det uklart om Pipelife hadde behov for fastbolting av utstyr i forbindelse med installasjoner. Dette behovet er til stede, og vil være kritisk for prosjektets gjennomføring, men skal begrenses til et minimum. Der det er mulig skal andre innfestingsmetoder benyttes, som festing til trestubber eller naturlige formasjoner uten fast bolting eller andre inngrep. Installasjonene vil variere fra 0,5 m til 3,6 meter over bakken. De høyeste installasjonene er ved tilfeller en må unngå nedsnøing.


Kart installasjoner

Lokasjonsnavn

104-Grjotåli-C
105-Yste-B
106-PrestanCR
107-Hestbreen-AC
108-Lundadalsvatnet-CR
201-Holåbreen-A
202-Holåbreen-C

Utenfor nasjonalparken:


101-Skjøli Bru-CD
102-Svaåe-C
103-Heimaste-CD
301-ÅndfjelletA1B



Installasjonstype A

Lokasjoner: Nedenfor Hestbreen, Holåbreen

Måler snøhøyde, solintensitet og nedbør. Må være noe over bakken for å komme unna nedsnøing. Må muligens boltes noe, eventuelt borres i fjell uten bolt, eventuelt festet på eksisterende formasjon eventuelt borres ned i snø uten varig spor. Opp til 3,6 meter høy, Vil inneholde fleer eller større innkapslinger av elektronikk samt eksterne sensorer som vil være grå/hvit i fargen.



Figur kun til illustrasjon, disse installasjonene kan bli noe større enn de to andre typene da en samler flere målinger på én lokasjon

Installasjonstype C, CR

Lokasjoner: 104-Grjotåi-C, 106-PrestanCR, 108-Lundadalsvatnet-CR og 202-Holåbreen-C
Fastbolting er nødvendig da det er vanntrykk som skal måles og elven har store krefter. En tidligere installasjon utenfor nasjonalparken har måttet utbedres siden januar da den hadde løsnet selv med bolten på grunn av kreftene i vassdraget Skjøli.



: som
gere
et
elv
t



Installasjonstype C, CR er tilnærmet lik denne installasjonen ved Heimaste Lundadalssætre.

Installasjonstype B

Lokasjon: 105-Yste-B

Måler jordfuktighet og jordtemperatur, kan mest trolig festes uten bolter.

st



Installasjonstype B vil bestå av beskyttelsesboks med elektronikk og sensorer under bakken.
Trolig ikke behov for boring eller bolter.

Fjerning av utstyr

Alt utstyr fjernes høsten 2022. Der utstyr har vært boltet fast vil bolten sages av helt inntil fjell/berg og kun en sirkulær form vil være synlig i berget.



Illustrasjon av bolt

Bildet viser en klatrebolt i en bergvegg. Ved fjerning av installasjon sages bolten av inntil berget der den røde pilen viser. Synlig spor som er igjen er en flat, mindre sirkelformet overflate i stein eller berg.»

Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, datert 7. august 2009
2. Naturmangfoldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen

Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7.august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndigheit for nasjonalparken.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken mellom anna å ta vare på vassdragsnaturen i området.



§ 3 punkt 1.1 vern mot inngrep i landskapet seier at med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av både varige og mellombelse innretningar og festing av boltar. Det er ingen av ingen av unntaka som kan knytast opp mot omsøkt tiltak.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfoldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande i kapittel 3.7 Forsking om forvaltningsmål:

«Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet. Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.»

I retningslinene for forskning står det mellom anna:

«Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisert dit.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde.»

Naturmangfoldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfoldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Det er eit forvaltningsmål at verneområda i Breheimen kan nyttast til relevant forskning. Det vurderast difor til at det aktuelle tiltaket ikkje vil gje ein negativ presedensverknad.

Vurdering

Breheimen nasjonalparkstyre handsama saka om å sette opp mellombelse installasjonar i styremøte 11.06.2021, sak 13/21, og gjorde vedtak etter innstilling frå forvaltar om gi løyve til



omsøkt tiltak. Prosjektet vart vurdert som samfunnsnyttig for både innanfor og utanfor vernegrensa og at ulempen med mellombelse installasjonar i kring 15 månader var små.

Noko av argumentasjonen i saka var at det ikkje ville vere noko varige spor etter installasjonane. No har Piplife søkt på nytt om å få nytte boreboltar til innfesting. Pipelife har forsøkt utan boreboltar på andre installasjonar, men særskilt dei som står ved elv og skal måle vasstrykk er det uråd å feste ordentleg utan boltar. I vilkåra for løyve gjeven i sak 13/21 står det mellom anna at det ikkje skal nyttast faste boltar og at det ikkje skal borast i fjell til innfesting.

Ein typisk borebolt som er vist til i søknaden har ein diameter på 10 eller 12 millimeter. Søkjar seier dei ved eventuelt løyve vil kutte bolten inntil fjellet slik at berre diameteren på bolten blir synleg. Varige spor etter ulike installasjonar er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg innanfor eit verneområde, sjølv om dei er små, jf. § 3 pkt. 1.1.

I verneområda i Breheimen har det vore mange flaumhendingar etter at vernet tredde i kraft, der resultatet har vore store øydeleggingar både i og utanfor verneområdet. Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen med tilhøyrande kommunar og andre partnerar har starta prosjektet Flomrespons, der målet er betre flaumvarslingsteneste. Elva Skjøli i Lundadalen er utpeikt som ei ideel pilotelv som er minimalt påverka av menneskeleg aktivitet.

Det er allereie sett opp tre installasjonar utanfor verneområdet, og no blir det søkt om 7 installasjonar innanfor Breheimen nasjonalpark. Installasjonane er midlertidige og skal fjernast når prosjektperioden er over hausten 2022. Installasjonane blir frakta opp og tatt ned ved hjelp av ryggsekk og eventuelt kløvhest.

Tiltaket må vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfoldlova § 48, då det er eit forbod mot inngrep som t.d. mellombelse innretningar. Forvaltingsmyndigheita kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strid mot vernevedtakets føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig (...), jf. § 48, første ledd.

Kunnskapsgrunnlaget (naturmangfoldlova § 8) er godt dokumentert. Det er god oversikt over kva som kan påverke naturverdiane og landskapet i området. Området i Lundadalen er registrert som barmarksbeite for villrein, samt at det er ein trekkveg som kryssar midt i dalen. Vidare er det i områda kring to av installasjonane registrert hekkelokalitetar. Desse er vurdert til å vere robuste. Boreboltar vil ha liten innverknad på dyreliv og vegetasjon, men vere eit inngrep i geologien i landskapet. Det er ikkje snakk om bruk av motorisert ferdsel ved montering og nedtaking, installasjonane er små og diskrete som vil ha minimal påverknad på dyrelivet i området og vil vere lite belastande for økosystemet i den avgrensa prosjektperioden, jf. nml § 10. Det skal ryddast opp etter gjennomført prosjektperiode og materiale og utstyr skal takast ut or området utan bruk av motorisert ferdsel (nml § 12). Etter det nasjonalparkforvaltaren kan sjå, føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet



og kva effektar tiltaket vil ha på naturmiljøet. Førre-var-prinsippet vert difor ikkje vektlagt i denne saka (nml § 9). Ein kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til skade på natur og miljø som krev erstatning (nml §11).

Nasjonalparkforvaltar vurderer prosjektet som samfunnsnyttig og viktig både innanfor og utanfor verneområdet. Verneføremålet tilseier at ein skal ta vare på vassdragsnaturen. Det har vore mange flaumar fleire stadar kring verneområda i Breheimen. Det viktig med betre kunnskap om vassdraga slik at varslinga blir betre, og samstundes vil det kunne hjelpe forvaltninga. Valet av Skjøli i Lundadalen er etter det forvaltar forstår grundig vurdert som ei eigna elv til denne type undersøking.

Innretningane skal vere mellombelse i litt over eit år. Det er ikkje ønskeleg at det skal stå att varige spor i berggrunnen, sjølv om desse ikkje påverkar dyr- og planteliv i området. Likevel vil forskinga kunne gje verdfull kunnskap om vassdragsmiljøet og betre flaumvarslinga. Difor meiner forvaltar at nytten overstig ulempen for dette tiltaket, sjølv om det vil stå att nokre varige spor.

Som omtala i søknaden vil søkjar forsøke å avgrense bruken av boreboltar til eit minimum. Det er fleire måtar å feste ein innretning med materiale som kan vere tilgjengeleg kringom. Både stein og tre kan nyttast som forankring. Vidare bør søkjar vurdere om sikringsutstyr innanfor klatring kan nyttast. Her er det kiler og kamkiler som kan festast i fjell og som kan takast vekk utan å sette spor. Difor ønskjer forvaltar at det blir laga ein rapport som syner kva konkrete vurderingar som er gjort på kvar installasjon. Det er også viktig at tiltaket blir godt dokumentert med bilete.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at forskingsprosjektet Flomrespons er samfunsmessig viktig, og det er også viktig for forvaltninga å få endå meir kunnskap om vassdragsmiljøet i verneområda i Breheimen. Prosjektet treng ikkje å nytte motoriserte hjelpemiddel for montering og nedtaking. Det opnast for å nytte boreboltar der andre alternativ ikkje er mogleg. Forskingsprosjektet vurderast som å vere i tråd med verneformålet, der nytten overstig ulempen for naturmiljøet.

Med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48 meiner nasjonalparkforvaltar at det er grunnlag for å gje løyve etter grunninga over.

Forvaltningsmyndigheita vil gjennom vilkår kunne sikre at prosjektet blir gjennomført mest mogleg skånsamt.